

Arild Håkedal:

Elvarheim 1925 - 1995

1. februar i år var det 70 år sidan innviingsfesten for Elvarheim blei halden. Dette er vårt andre kommunelokale og har alt slått det fyrste i brukslengde for kommunestyremøte. I Klokkargarden, som var det fyrste, varte desse møta frå 1871 til 1925, tilsaman 54 år. (Sjå Jol i Åmli 1985). Den komplette lista for kommunestyremøte før det, ser slik ut: I prestegarden 1839 - 53, deretter Børtinghus, så Eppeland, dette for å gjere det lettare for Tovdal og Mykland som då var med. Dei siste møta i private hus var hos lensmann Sundsdal.

Dette 70-årsjubileet gjev grunnlag for eit lite tilbakeblikk på saga til denne ærverdige bygningen. I det grundige referatet frå talane på åpningsfesten finn ein ei mengd med detaljopplysningar. Eg skal her plukke ut dei viktigaste.

Sumaren 1922 gav Åmli ungdomslag eit tilbod til kommunestyret om å hjelpe til med å bygge eit hus som både kommuneadministrasjon og bygdas lag og organisasjonar kunne dra nytte av. Sjølv hadde dei skaffa ein betydeleg pengesum og fri grunn. Grunnen hadde dei fått rimeleg av lektor Kr. Andersen, som då budde i Hammerfest. Av private midlar kom der inn 34 000 kr., der Åmli forbruksforening med handelsstyrar Fagerli i spissen, var den desidert største sponsoren. Kommunen vedtok deretter å yte 30.000 kr. Både Fagerli, som var formann i byggekomiteen, og ordførar Aslak Kateraas sa i sine talar at det kanskje kunne virke ansvarslaut å sløse med så mange pengar nå då tida var dårleg. Men dei understreka at dette var kapital som var lagt opp over minst ein 15 års tid og mest henta frå tilsidesettingar i den gode økonomiske perioden, "jobbetida" rundt 1. verdskrig.

Leiaren i Åmli ungdomslag, lærar Torgeir Øy, beskrev i sin tale tilstanden før Elvarheim: "ungdomslaget har vore heimlaust - har lote fare som legdslem i alle aar, og likeins med dei andre lag og samskipnader her i bygda. Og ikkje har dei hat det so romsamt eller hyggjeleg dei som har hat med bygdas offentlege styr og stell heller, der dei før har halde til." - Men etter Elvarheim kom skulle det bli andre tider: "Her ifraa skal bygda bli styrt av gjæve menn. Og her vil me freiste aa ale upp og elske fram ein ungdom som kan ta styret og føre bygda vidare fram naar deira tid kjem."

Det var altså ei svært optimistisk ramme rundt åpninga, ein fest som vara frå kl. 16 til kl. 24 på ein sundag - 8 timar med omlag 300 bygdefolk til stades. I tillegg til dei offisielle talane tek me med ein del av festinnhaldet:

Høgskulestyrar Jakob Naadeland heldt foredrag om: "Kva vil det seia aa vere ung?" Dessutan las han eit av Garborgs Kolbotnbrev, til stor jubel. Elles nemner me mellom mykje at Halvor Smeland spela "nokre slaattar", student Norli las ein stubb av "Peer Gynt", student Anne Gangsei presenterte lagsbladet "Ungdomstanken" og ungdomslaget framførte eit leikarskeid.


Ved innviinga var ikkje alt byggarbeidet klart, men planane var klare. I kjellaren skulle vere skulekjøkken og sløydrom og "ein stor og grei eldfast kvelv til heradet sitt arkiv". Som me i dag skjønar blei ein del bare med tankane. Men i fyrste og andre høgda blei det som planlagt. Frå fyrste høgda tek me med fylgjande omtale: "Eit lite rike for seg sjølv er husvære til vaktmeisteren - to rom og kjøkken"(!) Og frå andre høgda: "- ein svær møtesal på 22x10 meter. Der er stort spiltele" (scene).

Sidan der var svært mange lokale aktørar med på bygginga, tek me med nokre namn. Teikningane til huset blei levert av Bøndernes bygningskontor ved arkitekt Hustad. Aslak A. Engenes (min morfar) hadde steinkilinga, planerte tomte og sette opp murane. Ole T. Breiungen var byggmeister og hadde med seg mellom andre John Lauvland. Aamli trevarefabrik (Breiungen & Gjermundnes) leverte trapper, dører og vindaug. Murmeister Ole Thorsen murte piper m.m. Edwin Johansson planla den elektriske installasjonen og Salve Solheim utførte arbeidet. Petter Fiskvatn gjorde røyrleggjararbeidet, Gunnar Askland målararbeidet og Bernt G. Sandnes takrenner m.m. Dei var sjølvhjelpte i Åmli i 1925. Du treng ikkje bu i eit alt for gammalt hus for at nokre av desse handverkarane ennå har arbeidsproduktet sitt liggjande der som eit minne.

Når ein veit at den elektriske straumen kom til Åmli i 1921, må det ha vore ei oppleving for dei litt eldre å kome inn i opplyst sal på mørke kvelden. Ein kan vel tenke seg at dei kika fælt på lamper og lysekroner. Desse var forresten arbeidd av ingeniør Westbye på Høgfoss kraftstasjon.

Dei ymse lag og foreningar venta ikkje så lenge med å ta i bruk Elvarheim. Mållaget "Fjelljo", som vart stifta i 1922, hadde t.d. møte her berre 14 dagar etter innviinga.

Det blei etterkvart stor aktivitet på scenen med skodespel og revyar. Dette er fyldig omtala i boka "Dristug 1895 - 1995", som kom ut i år. Kulissane på scenen vart måla i 1925 - 26 av ein Krog. Denne målaren var og på Folkets Hus i Eydehavn og gjorde tilsvarande arbeid. Bjørkeskogdekorasjonane der er slående like med Elvarheim sine. I



Ja, dette er bygginga av Elvarheim. Frå venstre har me: Salve Solheim, Gunnar Askland, Aslak Fiskvatn, Terjei Lauvland, Ole Breiung, Kjetil Skåret, Harald Lauvland, Lars Askland, Henry Hansen og tre utanbygds murarar.
Bilete utlånt av Åmli Historielag

ettertid har spekulasjonane gått om det kunne ha vore den kjende Per Krohg. Etter ein del undersøkingar har ein utelukka dette og kome fram til at det må vere Rudolf Nikolai Krog som reiste rundt og laga teaterdekorasjonar, m.a. til Centralteateret i Oslo.

Det andre store dekorasjonsarbeidet, storsalen og kommunestyresalen, har eg funne meir ut av. På takbiletet over inngangsdøra til storsalen står det R. Einbu 1938. Då ingen av dei eldre eg snakka med hugsa noko særleg om han, tok eg nokre telefonar på måfå til personar med dette etternamnet, og kom til slutt i kontakt med son hans, Per Einbu. Han hadde så mange opplysningar om far sin, Ragnvald Einbu, at eg har laga ein eigen artikkel om dette ein annan stad i bladet. Som det vil gå fram av denne var det ein svært erfaren og etablert kunstnar som vart engasjert. I ein alder av 68 år og berre 5 år før sin død, blei utsmykkinga av Elvarheim av dei siste arbeida til Ragnvald Einbu.

Det er ikkje godt å sei i ettertid korleis dei 20 takbileta i storsalen er tenkt gruppert, men eg synes å sjå eit mønster. Dei 4 bileta over scenen skal vel vere lokale motiv. 3 av dei er greie, det er oversikt over bygda, ferjesundet og gamalkyrkja under heia. Det 4. biletet, eit stort vatn, er vanskeleg å plassere. Austre langsida må vere arbeidsliv i

bygda, med våronn på Olstad, og elles frie motiv rundt slått, floting, skogsarbeid vinter og sumar. Vestre langsida må temast vere generelt om Åmlinaturen, med skigåing, elg, bever, orrhaneleik og tiur. Bakre kortside har eit kjent motiv, trollkjerringa akande ned Trogfjell. Dei resterande bileta trur eg må vere frie motiv, særleg fjella er framande for Åmli. Bileta vart restaurert av Kjell Westermark Mørch på slutten av 1970-talet.

Som skulelokale er det særleg framhaldsskulen som har halde til her. Eyvind Oland var lærar då denne skulen flytta frå Klokkargarden. Elles ambulerte framhaldsskulen med 2 år på Elvarheim og eit år i Gjøvdal den fyrste tida. Då overtok ein annan ambulerande skule, fylkesskulen, som vandra mellom 6 kommunar i Aust-Agder (Bilete i Jol i Åmli 1992). Eyvind Oland gjekk av i 1952. I 1952/53 administrerte Odd Chr. Fiane skulen, og frå 1953 til skulen slutta i 1969 var det Arne Raustøl som var leiande lærar.

Realskule var her frå 1945 til 1955 då den flytta inn i nytt bygg. Frå 1945 til 1949 var denne privat med John Fjalestad som einaste lærar. (Bilete i Jol i Åmli 1987).

Elles var her klasser frå folkeskulen då dei store etterkrigskulla kom i slutten av 1950 - åra. Sjølv gjekk eg 5. klasse her i 1958/59.

Roma til vaktmeisteren blei rosande omtala under åpningsfesten. Dei som har budd her er: Olav Solheim 1925 - 1951. Han hadde uthus og husdyr på nabotomta før han flytta dit og sette opp stogehus. Alfred Vehusheia 1951 - 1972, Aslak Nesheim 1972 - 1984. Etter dette har det bare vore korte engasjement, til ordninga stoppa heilt.

Elvarheim som kinolokale er eit kapittel for seg. I den fyrste tida var det naturleg nok sporadisk med framsyningane. Mi 89 - årige tante, Valborg Katerås, hugsar at ho såg "Intet nytt fra Vestfronten" her omlag 1930, med Olav Solheim som kinomaskinist. Under krigen fungerte Elvarheim som eit slags lager/vaktstasjon for tyskarane og her var ikkje filmaktivitet. Når det blei kommunal kino har eg ikkje funne, men protokollane er intakte frå 1952 og då er Alfred Vehusheia maskinist. Frå 1952 - 56 vandra film og utstyr til Nelaug og 1954 - 56 til Dølemo. Den same filmen gjekk altså 3 gonger i kommunen pr. veke ei stund. Til nå hadde kinolerretet på Elvarheim vore over scenen og til å trekke ned, medan filmapparatet stod oppå galleriet.

I 1957 gjekk ein over til breifilm. Då vart galleriet kapp på midten, kinoen snudd og maskina kom bak på scenen. I fyrstninga var det bare ei maskin og ein måtte ha pause for å spole filmene. Etterkvart overtok Ingvald Tverstøyl og på slutten av 1950 - talet finn me "gullalderen" for kinoen.

Det var før TV og med store kull på realskulen spreidde på hyblar rundt i bygda. Det står ikkje kor mange framsyningar kvar film hadde, men det var ikkje sjeldan med billettsal på over 200. Prisane var då kr 2,- for vaksne og kr 1,- for born. Rekorden så langt var "Bustenskiold" i 1959 med 425 betalande. Årsbesøket i 1960 var på 16 956 (!)

Halvor Fiskvatn var neste maskinist. Han fekk ordna med ei maskin til, slik at pausene forsvann. Gunvald Engenes køyrde og filmane ei stund på slutten av 1960 - talet.

På 1970 - talet er det Finn Borgen og Kåre Thunheim som vekslar om å ta over leiinga av kinoen. I 1976 slår "Flåklypa Grand Prix" alle rekordar med 891 tilskodarar, fordelt på 5 framsyningar over 3 dagar. Vidar Moi overtok midt på 80 - talet og køyrer ennå.

Å lage eit komplett bilete av alle aktivitetane på Elvarheim er sjølv sagt ikkje mogleg, men i summarisk form må nemnast: Alle år med folkebiblioteket, alle joletreffestane, basarane, 1. og 17. mai feiringane, kommunestyremøta, folkeakademia, revyane, innandørs idrettsstemma, skyting i matsalen, osb. Utallige er dei som har gått inn i storsalen under elghovudet, som forresten er skoten av min far, Nils Håkedal, rett etter krigen.

Elvarheim er ein del av Åmli-sjela, og i si framtid som museum er huset med på å bevare bygdeidentiteten.

Arild Håkedal:

RAGNVALD EINBU - *Elvarheimmålaren*

Under arbeidet med Elvarheimartikkelen, kom eg i kontakt med Per Einbu, son til han som har dekorert storsalen og kommunestyresalen. Per Einbu er fødd i 1918 på Lesja og vart tidleg prega av faren, Ragnvalds arbeid. Sjølv vart han målarutdanna i Oslo etter krigen, og har levert ei mengd treskjering, teikning og måling. Han har mellom anna illustrert Bygdebok for Lesja, boka "Setrene i Lesja" (omlag 300 teikningar av alle dei gamle setrene), "Skogbrukshistorie for Land" m.m. Nå bur han på Hov i Land. Per Einbu fortel fylgjande om far sin:

Ragnvald Einbu var fødd på Lesjaskogen i 1870 og døydd i 1943. Foreldra var gardbrukar og furer (gamal underoffisersgrad) Peder Enebo og Marit Syversdatter Kvam. Det fordanska Enebo vart i 1925 endra til Einbu. Faren kjøpte garden Silli på Lesja i 1889, og då den eldste broren Johannes overtok farsgarden Einbu, flytta dei yngre syskena med dit.

Ragnvald var 16 år gamal då han reiste til Trondheim i målarlære hjå målarmeister Holst. Der var han i 3 år og lærde alt som kjem inn under vanleg måling av hus og innbu. Men han var ikkje nøgd berre med vanleg målararbeid.

På Lesja har det frå gammalt vore mykje treskurd og rosemåling, og sansen vart vekt for det som var norsk i form og farge.

Det var helst om sumaren han dreiv med målararbeid, om vintrane vart det mindre av det. Ein vinter han og ein kamerat låg på rypejakt inni fjellet, tok han til å skjera figurar i tre. Nokre av desse fekk bilethoggar Skeibrok sjå i husflidsforeninga i Oslo. Skeibrok var då lærar ved Kunst og handtverkskulen i Oslo, og han skaffa Ragnvald friplass ved skulen ein vinter. Der lærte han teikning og modellering. Denne undervisninga, saman med dei evner han hadde, fekk mykje å seie for utviklinga hans seinare.

Med den rike fantasien sin kunne han skape dei underlegaste troll og figurar av ei tretrot. Figurar og troll han skar var kjent vidt utover. Han hadde såleis ei utstilling hos kunsthändler Blomquist i Oslo.

Direktør Sandvig på Maihaugen vart merksam på han og han fekk oppdrag der. Han restaurerte rosemålinga i Isumkapellet og prestestova. Han hadde og mykje arbeid i Garmokyrkja då den blei reist.



Ragnvald Einbu og Berta Bakken gifter seg som fyrste par på Maihaugen i 1915. Dei einaste som er blitt vigd i Isumskapellet, som Ragnvald sjølv restaurerte rosemålinga i. To tamme traner, Peer og Pål, er med på biletet som er tatt på Bjørnstad, Maihaugen. Desse tranene levde i mange år på Maihaugen og hadde den pussige vanen at når det ringa til gravferd i Lillehammar, flaug dei ned og gjekk med i prosesjonen. Fra boka I arbeid og fest av Anders Sandvig.

Då han i 1915 gifta seg med Berta Bakken, var dei dei fyrste som vart vigde på Maihaugen og dei einaste i Isumskapellet.

Til jubileumsutstillinga i 1914 laga han ein modell av Maihaugen. Den havna visstnok i Amerika.

Ragnvald Einbu har vore med og restaurert og dekorert mange kyrkjer. Lesjaskog var truleg den fyrste Han var elles i Kinna kyrkje i Sunnfjord, Vivestad i Vestfold, Dovre, Fåvang, Venabygd, Vågå, Eid i Romsdal, Rjukan, Ringebu, Kvikne i Fron, Kvam, Øvre Rendal, Foldal, Dalhoen, Nord Sel, Mesnali og Lesja. Lesjakyrkja er nok ei av dei største arbeida til Ragnvald Einbu.

Innimellom desse arbeida har han hatt mange andre oppdrag som: Kaffistova i Oslo, Folkehøgskulen på Hundorp, Trondenes Folkehøgskule, Kommunehuset i Åmli, Vågåmo skule, 3 skular på Lesja og Marlo i Skjåk.

Han har dekorert ungdomshus og private heimar. I over 20 år var han timelærer i måling ved Hjerleid Husflidskule på Dovre og utallige er dei skåp og møblar han har sett roser på.

Om vintrane var det måling og skjering heime av ymse ting. Bl.a. kopierte han ein vinter mange av bileta på Maihaugen.

Då lite vart nedskrive om arbeida hans, er sikkert mykje ikkje med her, men dette er i allefall det meste av livsverket til Ragnvald Einbu.



Per Einbu har skore ut mange trefigurar. Her blir han intervjuja på ein bygdedag i Emedal etter overleveringa av Jens von Bustenskiold i heilfigur. Emedal var heimbygda til forfattaren Sigurd Lybeck - Bustenskiolds "far".

Utlånt av Per Einbu

ELVARHEIM MUSEUM

Elvarheim museum held til i det ærverdige, gamle samfunnshuset i Åmli; ved foten av Trogfjell og med utsyn over elva og sentrum. Museet tek i hovudsak for seg utnytting av skog og hausting i naturen, og bygger opprinneleg på samlinga etter fangstmannen Aslak Harstveit (1913-)



Boka "Fangstmannsminne", der Aslak fortel forfattaren Andreas Vevstad om vilt, fangstmetodar og opplevingar i naturen, er nyttig bakgrunn for eit besøk på museet.

I "Aslak-rommet" vil du møte fangstmannen og Åmli-naturen. Dei fire store rovdyra bjørn, gaupe, jerv og ulv finn du her, saman med dei mindre rovdyra og dei jaktbare småviltslaga. Du kan også få sjå gamle feller og sakser.

Eit "nattrom" syner fuglar og dyr som helst er ute i mørkret, og i "fuglerommet" er dei fleste fuglane i Åmli og Agder presenterte, både i lyd, bilete og utstoppa form.

I "knivrommet" er Aslaks samling på meir enn 200 knivar stilt ut.

Åmli er beverkommunen framfor nokon. På slutten av 1800-talet var beveren nær utrydding, og berre ein liten stamme på 60 - 100 dyr var att, med hovudsete i Åmli. I "bever-rommet" vil du få oppleve beveren i sitt eige miljø, samt lese om beverens fall og vekst. Museet viser også videofilmar med beveren i hovudrolla.

Olav Tverrstøyl (1845-1938) frå Åmli var den største bjørneskyttaren på Agder gjennom tidene. I løpet av si tid som jeger felte han 96 bjørnar, dvs. omlag kvar tiande bjørn som vart skoten i Aust-Agder og Telemark. Olavs liv og lagnad er spennande skildra i Andreas Vevstads bok "Bjørneskyttaren Olav Tverrstøyl".

I "Tverrstøyl-rommet" finn du m.a. Olavs bjørneborse, ski, klede, fiskereiskapar og handelsvarer. Her kan du også treffe ein vaskeekte bjørn ved namn "Lillepekka", som slett ikkje lever opp til namnet sitt..

LITT OM ELVARHEIM.

Kommunehuset Elvarheim stod ferdig i 1925 og var eit fellestiltak mellom ungdomslaget og kommunen. Opp gjennom åra har her vore mellom anna framhaldskule (tilsvarande 8.kl.) i 39 år, realskule (tilsvarende 8. og 9. kl.) i 10 år og bibliotek i over 60 år. Kommunestyra blir framleis haldne her.

I storsalen har her vore kino mest heilt frå starten til nå og ei endelaus rekke med skodespel, revyar og andre tilstelningar. I denne salen legg ein mest merke til dei 20 vakre takbileta. Desse er måla i 1938 av ein kjend kunstnar som heiter Ragnvald Einbu frå Lesja i Gudbrandsdalen, elles mest kjend for arbeida sine på Maihaugen på Lillehammer. Dei 4 bileta over scenen er lokale motiv. Vestre (venstre) langside fortel om Åmlinaturen og austre langside illustrerer arbeidslivet i bygda før i tida.

Eit av desse bileta viser tømmerfløyting. Kor viktig elva var for dette i gamle dagar får du litt greie på i heftet om Vasskraftsentret.

I det neste stykket skal me legge vekt på eit anna motiv frå bileta i taket, kva skogen og utmarka kunne gje av mat og utstyr til folk før i tida.

